

Skalden frå Sæheim

16/2-77

NORD HORDALAND

-1-

Ynskjer du å sjå ein fager lut av Noregs strand,
når i kvardagsgråe kav ditt sinn vil mugna?
Unn deg då ei liti snøggferd gjennom Nord-Hordaland,
og eg lovar du av turen skal få hugnad.

-2-

Her gjeng hav og fjordar, dal og høgfjell hand i hand.
Øy ved øy bryt havsens bylgjeslag i sunder.
Og frå blåfjells frie utsyn ser du Nord-Hordaland
som eit endelaust og storfelt Guds vedunder!

-3-

Her du stundom ser ein eventyrleg kveldsolsbrand
ut i vest, der hav og himmel flyt i saman,
og legg glans av sjølv Himlen over Nord-Hordaland.
Slikt eit syn vil fylla hjarta ditt med gaman.

-4-

Ljom av tusundrøysters fuglekor deg når i bland
frå naturens sumarpryde tempelsalar,
og gjev återklang frå Eden gjennom Nord-Hordaland!
Å, kor mildt det såre sinn og hjarta svarar!

-5-

Vinterstormane si røyst du stundom høyra kan
syngja liksong over blomegrav i hagen.
Lik ei Åsgårdsreid dei ular gjennom Nord-Hordaland,
som eit førebod om sjølv domedagen.

-6-

Her treng ingen tufta heimen sin på svikfull sand.
Noregs gråfjell ligg so traust i undergrunnen.
Lat so storm og storflaum herja gjennom Nord-Hordaland,
Betre byggegrunn hev aldri vore funnen!

-7-

Her, dei gamle fyrst sin heim og so sin gravstad fann.
Deira sveitte våre odelstun hev dogga!
Sus frå Noregs saga strøymmer gjennom Nord-Hordaland
når me stilt ved våre fedraminne stogga.

-8-

Unge ervingar, frå hav til høge fjellbrynsrand
fedraarven fram i Herrens ljøs må bera.
Då skal enno gamle, hjartans kjære Nord-Hordaland
bli ein folkeheim til Jesu Kristi æra!

Johs. M.L. Rydland.